



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Voss, 23. mars 2015

### **Høyringsuttale om løyve til å byggje Møyåni kraftverk.**

Voss Naturvernlag er lokallag i Norges Naturvernforbund og har motteke *Nordkraft Vind og Småkraft AS* sin søknad om løyve til å byggje Møyåni kraftverk i Voss kommune.

#### **Generelt om tiltaket**

Kraftverket vil nytte eit fall i Møyåni på 182 heter frå inntaket på 771 moh til kraftstasjonen på 589 meter. Vassvegen vil bli på 1750 meter og nedgrave i grøft. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW og vil etter planane gje ein årsproduksjon på 17,0 GWh.

#### **Om småkraftverk**

I ei masteroppgåve ved Institutt for geografi ved NTNU har Anna Guri Aase i 2013 gjennomført studien «Natural Resource Management». I oppgåva er det gjort ei samanlikning mellom tre former for fornybar energiproduksjon og deira påverknad på kringliggjande natur. Dei tre fornybare energikjeldene er:

- 1) Småskala vasskraftutbygging
- 2) Storskala vasskraftutbygging
- 3) Vindkraft

og dei er vurdert i forhold til fire parametarar:

- direkte arealbruk
- synlegheita av anlegget
- raudlistearter innan ein radius på 2 og 10 km
- overlapping med inngrepsfrie naturområde (INON)

Analysen er basert på data frå m.a. 27 småkraftverk i Hordaland og Sogn og Fjordane og konkluderar med at småskala vasskraftutbygging kjem dårlegast ut for tre av dei fire parametranne, og er samla sett det dårlegaste alternativet mellom dei tre formene for energiproduksjon som studien omfattar.

#### **Om Møyåni**

Rådgivene Biologer AS (RB) har utarbeidd ein rapport om verknadene av tiltaket på miljø, naturressursar og biologisk mangfald i området. I dette arbeidet har RB brukt dei malar og vegleiarar som er tilrådd av styremaktene og me har tiltru til at dei registrerte funn av raudlistearter og naturtypar som er beskrive i rapporten er rette. Voss Naturvernlag er derimot skeptiske til, og

direkte ueinig i dei vurderingar som RB gjer med omsyn til kva konsekvensar utbygginga vil få for naturverdiane i området.

### **Konklusjon**

Dette området er mykje brukt som turområde og vil ved ei evt. utbygging få redusert visuell verdi ved at eit kjent og vakkert landskapsbilde vert forringa . Voss Naturvernlag går imot denne utbygginga først og fremst fordi den samla belastninga frå tidlegare og ny planlagd kraftutbygging i området er stor. Ei evt. vidare utbygging i området vil etter vårt syn overskride visuelle tålegrenser samstundes som det frå utbyggjaren si side er peika på forhold som kan få innverknad på naturmangfaldet i området.

Med helsing  
Voss Naturvernlag  
Kåre Flatlandsmo  
leiar